



HJELMELAND KOMMUNE  
Vågavegen 116  
4130 HJELMELAND

## Endeleg tilsynsrapport

**Dato**  
10.04.2025

**Vår ref.**  
2024/16198

**Dykkar ref.**

Vi takkar for godt samarbeid i samband med tilsynet. Tilsynet hadde fokus på arkivansvar og journalføring.

Hjelmeland kommune hadde ingen kommentarar til den foreløpige rapporten og den er derfor uendra.

**Sakshandsamar**  
Ingrid Holløkken Lyngmo  
seniorrådgiver

PB 4013 Ullevål stadion  
0806 Oslo

postmottak@arkivverket.no  
48 05 56 66

**Org. nr.**  
961181399

**Tilsynsdato:** 18.03.2025

Frå Hjelmeland  
kommune:

Kommunedirektør Janne Johnsen  
IT-leiar Ellen Gundersen Husebø (Med på Teams)  
Arkivleiar Kirsten Hansson  
NAV-leiar Jorunn Foss  
Leiar barnevernstenesta Hanne Bjelland Håland  
SLT-/Folkehelsekoordinator Annbjørg Breiland  
Rådgjevar næring og landbruk Torborg Kleppa

Frå Arkivverket:

Seniorrådgjevar Ingrid H. Lyngmo  
Rådgjevar Jacob Haugmoen Handegard

### Kvifor har vi arkivtilsyn?

Arkivverket sine tilsyn med arkiv og dokumentasjonsforvaltning er lovlegheitstilsyn, kor målet er å vurdere om verksemda oppfyller dei pliktene som følger av arkivlova med forskrifter. Vi ønsker at tilsyna våre skal føre til betre kvalitet på arkivarbeidet i verksemda, slik at arkiva vert sikra for samtid og ettertid, blant anna som grunnlag for demokrati, rettstryggleik og kulturarv.

### Ingen pålegg

Arkivverket har gjennomført tilsyn med Hjelmeland kommune. Hensikta var å kontrollere at dokumentasjon av arkivansvaret og kvalitetssikring av journalføringa i sak-/arkivsystemet var i tråd med arkivlova med forskrifter.



## Arkivverket

Hjelmeland kommune har ikkje ein oppdatert arkivplan, men områda «*arkivleiar sitt ansvar*» og «*arkivmedarbeidar sitt ansvar*» i arkivplanen er nyleg administrativt vedtatt frå 15.01.2025.

Under tilsynet vert det elles klart at dei ulike oppgåvene og ansvaret for arkiv er tydeleg plassert i organisasjonen. Arkivplanen var ikkje eit av områda som var gjenstand for tilsynet, Arkivverket vurderer det difor slik at Hjelmeland kommune ikkje får avvik når det gjeld arkivansvaret.

Ein av grunnane til at Hjelmeland kommune vert valt ut til tilsyn i 2025 var at Arkivverket over tid har følgd med på oppgitte statusar i sak-/arkivsystemet. Tala for dokument i status F og E var høge. Tilsynet avdekka at Hjelmeland kommune har kvalitetssikra desse statusane og at dokument som skal vere på offentleg journal publiserast fortløpande.

Arkivverket gjer ikkje pålegg på dette området.

### **Avslutning av tilsyn**

Arkivverket avsluttar med dette tilsynet.

Kopi av endeleg tilsynsrapport blir lagt inn i statsforvaltaren sin tilsynskalender.

Med helsing Arkivverket

**Kjetil Korslien**  
områdedirektør

**Kjetil Reithaug**  
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Postboks 59 Sentrum